

Olje- og energidepartementet

Longva, 14. juli 2008

Klage på NVE si avgjerd om å gi Haram Kraft AS konsesjon til å bygge og drive Haram vindkraftverk.

Nordøy Idrettslag vil klage på NVE si avgjerd om å gi Haram Kraft AS konsesjon til å bygge og drive Haram vindkraftverk.

Eit fulltallig styre i Nordøy Idrettslag gjorde på møte 07.07.08 dette samrøystes vedtak:

Det er ikkje akseptabelt for innbyggerane på Flemsøy/Skuløy å plassere så mange vindmøller på eit markant høgdedrag så nær boligområde og i ei visuell dominanssone.

Dei negative verknadene på landskap, naturmiljø, bebyggelse og kulturmiljø er ikkje akseptable for Nordøy Idrettslag. Friluftsområde på fjell er begrensa her ute og vindkraftverk vil redusere dette dramatisk. Å fjerne ein turbin ved Mannen har ingen praktisk betydning og vil ikkje redusere den negative virkningen når det fortsatt er 16 turbinar i den visuelle sona.

Vegen til fjellet er i dag godt synleg. Ei utviding av veggen må få større negativ virkning med ytterlegare inngrep i terrenget. Veggen er heller ikke planlagt og visualisert.

Nordøy Idrettslag meiner at konsesjonen til å bygge og drive Haram vindkraftverk må trekkast tilbake.

Nordøy Idrettslag

Jan Arne Longva
Leiar